



Lindås kommune ved landbruksavdelinga
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Kjartan Nyhammer
Vår: 19/1360 - 19/14401

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

09.05.2019

Oversender søknad om arealoverføring for handsaming etter jordlov - gbnr 63/10 og 63/30 Bergås

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 63/10
Tiltakshavar: Roar Bøe
Ansvarleg søkjar: Harris Advokatfirma AS

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på ca 600 m² frå gbnr 63/10 til gbnr 63/30 Bergås. Gbnr 63/30 leiger i dag arealet av eigar av gbnr 63/10. Arealet har i lang tid vore i bruk som uteareal og parkering for gbnr 63/30.

Eigdomen gbnr 63/10 er ein liten landbrukseigedom med eit areal som i NIBIO sitt gardkart er oppgitt til 30,8 dekar. Arealet som er søkt frådelt er i gardkartet registrert som «annet markslag».

Eigedommen gbnr 63/30 har ein storleik som i matrikkelen er oppgitt til 982 m² og er i bruk til fritidsføremål. Bygget på eigedommen er i matrikkelen registrert som «våningshus benyttet som fritidshus».

Planstatus

Eigedommane ligg i uregulert område som er omfatta av kommuneplanen sin arealdel. Gbnr 63/30 ligg i område som er avsett til bustadføremål og der det i 2014 vart starta opp arbeid med utarbeiding av reguleringsplan. Arbeidet er ikkje slutført og planen er ikkje godkjend. Arealet på gbnr 63/10 som skal overførast ligg i område som er avsett til LNF-føremål med omsynssone landbruk.

Kommunen vurderer etter ein førebels gjennomgang av søknaden at arealet kan frådelast til endra bruk.

Handsaming etter jordlov

Saka vert oversend landbruksavdelinga for vurdering av om arealoverføringa krev handsaming etter jordlova.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01


Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733




Situasjonskart



Utsnitt frå KPA



Utsnitt frå gardskart



Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring gbnr 63/30 Bergås

Følgebrev

Signatur

Situasjonsplan

Nabovarsel

Kopi til:

Harris Advokatfirma AS

Postboks 4115

5835

BERGEN

Sandviken

Mottakarer:

Lindås kommune ved

landbruksavdelinga

Felles postmottak

Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ